

# Plan for trygt og godt skulemiljø

## Vestre Slidre skule

- Mobbeforebyggande arbeid
- Aktivitetsplikt, avdekking og retningslinjer



## **Innhold**

<b>1 Mobbing og krenkande åtferd – definisjon og mål for skulen sitt arbeid mot mobbing .....</b>	<b>2</b>
1.1 Mål for Vestre Slidre skule .....	4
<b>2 Forebyggande tiltak mot mobbing og krenkande åtferd .....</b>	<b>5</b>
2.1 Relasjon voksen - elev .....	5
2.2 Relasjon lærar – klasse/trinn .....	5
2.3 Relasjon elev - elev .....	6
2.4 Relasjon med heimen .....	6
2.5 Overgangar .....	7
<b>3 Avdekking av mobbing og krenkande åtferd .....</b>	<b>7</b>
3.1 Samtaler .....	7
3.2 Utviklingssamtaler.....	7
3.3 Inspeksjon .....	7
3.4 Kartlegging .....	8
3.5 Helsesukepleiar .....	8
3.6 Sosial pedagogisk rådgjevar .....	8
<b>4 Retningslinjer ved mistanke om mobbing og krenkande åtferd.....</b>	<b>8</b>
4.1 Å følgje med .....	9
4.2 Å gripe inn .....	9
4.3 Å varsle .....	10
4.4 Å undersøke .....	11
4.4.1 Praktisk handlingsrekke ved mistanke om mobbing .....	11
4.4.2 Samarbeid med andre instansar ved mobbing .....	13
4.5 Å setje inn tiltak .....	14
4.5.1 Aktuelle tiltak .....	15
<b>5 Dokumentere .....</b>	<b>16</b>
<b>6 Vaksne som krenkar elevar .....</b>	<b>16</b>

### **Ressursbank/skjema:**

- |   |  |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Forventningar</li><li>• Analyse særskilt sårbare elevar</li><li>• Inspeksjon Vestre Slidre skule</li><li>• Spørsmål elevsamtaleskjema</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Observasjonsskjema 1-3</li><li>• Skjema varsling § 9 A</li><li>• Aktivitetsplan</li><li>• Barnet sitt beste vurdering</li><li>• Varsel 9 A-5</li></ul> |
|---|--|

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartlegging av det sosiale samspelet-sosiogram/relasjonskart</li> <li>• Sjekkliste og systematisk observasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Konklusjon etter varsel 9 A-5</li> <li>• Årshjul for internkontroll</li> </ul>
---	---

## **1 Mobbing og krenkande åtferd – definisjon og mål for skulen sitt arbeid mot mobbing**

---

### ***Ein utvida definisjon av mobbing***

*«mobbing av elever i skolen er handlinger fra voksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og muligheten til medvirkning»*

Lund, Helgekand & Kovac, 2017

---

### **Opplæringsloven § 9A**

**«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring»**

(Opplæringsloven §9A-2)

Opplæringslova kapittel 9A vart endra med verknad frå 01.08.2017, eit nytt regelverk om skolemiljø vart innført.

Elevane har ein individuell rett til eit trygt og godt skolemiljø. Nulltoleranse er innført som omgrep i lovverket. **Det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om skolemiljøet er trygt og godt.**

Utdanningsdirektoratet har laga ei oversikt over regelverket med informasjon til:

- Elevar og foreldre: Informasjon til elever og foreldre om skolemiljø <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/informasjon-til-foreldre/>
- Tilsette på skulen: Mobbing og mistrivsel - kva skal skulen gjere <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/aktivitetsplikt/>

Skulen si aktivitetsplikt er delt i fem handlingsplikter:

1. Plikt til å følgje med
2. Plikt til å gripe inn
3. Plikt til å varsle
4. Plikt til å undersøke
5. Plikt til å setje inn tiltak

I tillegg er det krav til dokumentasjon. Skal skje skriftleg og vera i eit format som kan takast ut og delast med andre dersom det blir spørsmål om det.

Skulen har to dokumentasjonsplikter:

1. dokumentere kva tiltak vi planlegg å gjennomføre - gjennom ein aktivitetsplan
2. dokumentere kva vi har gjort for å følgje opp delpliktene i kvar enkelt sak, det vil si følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak

Statsforvaltaren er handhevar av lovverket, og elevar og foreldre kan gå vidare til Statsforvaltaren med saker som gjeld det psykososiale skolemiljøet. Det er sett ein tidsfrist for skulen på ei veke for å setje i verk aktivitetsplikta.

### ***Definisjon av mobbing og krenkande adferd***

«Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vold, diskriminering og trakassering» (Opplæringsloven §9A-3)

Ord eller handlingar som i utgangspunktet ikkje er meint å vera krenkande, vil likevel kunne oppfattast slik. Definisjonsmakta ligg hos den som opplever seg utsett for ei krenkande handling, det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skolemiljø.

#### **Krenkande ord og handlingar**

Krenkande ord og handlingar kan for eksempel vera mobbing, vold, diskriminering og trakassering.

#### **Mobbing**

Mobbing er fysiske eller sosiale negative handlingar som utførast gjentatte gonger over tid av ein person eller fleire saman, og som rettast mot ein som ikke kan forsvere seg i den aktuelle situasjonen.

#### **Vald**

Når ein person utset ein eller fleire personar for fysisk maktbruk.

#### **Diskriminering**

Diskriminering inneber at ein person blir dårligare behandla eller trakassert på grunn av kjønn, funksjonsnivå, religion, hudfarge, nasjonalitet eller etnisitet. Diskrimineringa kan foregå direkte eller indirekte.

#### **Trakassering**

Med trakassering meinast handlingar, unnlatingar eller ytringar som verker eller har til formål å verke krenkande, skremmande, fiendtleg, nedverdigande eller krenkande.

## **Anna åtferd som ikkje er ynskjeleg**

Er åtferd som bryt med skulen og kommunen sitt ordensreglement.

### **1.1 Mål for Vestre Slidre skule**

«Ein skule for alle, med blikk for den enkelte»

Ved Vestre Slidre skule er alle vaksne bevisst den avgjerande rolla og ansvaret dei har:

- dei jobbar aktivt med forebyggande arbeid
- dei grip inn når dei ser mobbing eller krenkingar
- dei lyttar til elevane og handlar på bakgrunn av elevane sine subjektive opplevingar

Vi skal forhindre mobbing og krenkande åtferd ved

- å drive eit aktivt og førebyggande arbeid, jamfør plan for trygt og godt skolemiljø i Vestre Slidre
- å ha rutinar som avdekker om mobbing og krenkande åtferd skjer, jamfør plan for trygt og godt skolemiljø i Vestre Slidre
- å ha rutinar for problemløysing av mobbesaker, og andre saker i samband med krenkande åtferd, jamfør plan for trygt og godt skolemiljø i Vestre Slidre
- å sikre samarbeid med foreldre/føresette, jamfør rutinar for brukarmedverknad
- å ha rutinar for dokumentasjon, jamfør plan for trygt og godt skolemiljø i Vestre Slidre
- jobbe med elevane sitt skolemiljø, jamfør årshjul for internkontroll

Rektor går gjennom plan for trygt og godt skolemiljø og viser til korleis aktivitetsplikta skal følgjast på planleggingsdag kvar haust. Alle tilsette, inkludert vaktmeister, helsejukepleier og vaskepersonale, er med på gjennomgang og må signere på at dei har delteke.

Vikarar og studentar må gjennomgå og signere. Assisterande rektor har ansvar for at det blir gjort.

## 2 Førebyggande tiltak mot mobbing og krenkande åtferd

### 2.1 Relasjon vaksen - elev

*Læraren er ein tydeleg vaksen som eleven kan ha tillit til. Dette betyr at det i det daglege arbeidet skal vera tydeleg kva handlingar og haldningar som er gjeldande på skulen og i klasserommet. Læraren skal stå fram som eit sterkt og godt forbilde.*

Relasjonsbygginga mellom lærer og elev skjer kontinuerleg:

- Vaksne ved skulen har alltid hovudansvaret for gode relasjonar med elevane.
- Vaksne ved skulen skal sjå den einskilde elev, bruke namna til flest mogleg elevar på skulen og helse på elevar i rom, gangar og ute.
- Dei ansvarlege vaksne for timen skal helse på alle elevane i den første tida dagleg, for å sikre at kvar enkelt elev blir sett.
- Læraren skal klargjere saman med elevane både i klasesituasjonen og i elevsamtalet kva som er forventa av sosiale dugleikar.
- Elevane skal ha klare ansvarsoppgåver, som ordenselevar, elevrådsrepresentantar osv.
- Dei vaksne ved skulen skal legge stor vekt på å gje sosial støtte til kvar elev.
- Læraren interesserer seg for eleven som menneske, både når det går bra og ikkje.

### 2.2 Relasjon lærar – klasse/trinn

*Lærer utøver tydeleg leiing på ein slik måte at alle elevane opplever klassa/trinnet som ein trygg stad. Det er for eksempel alltid den vaksne som bestemmer kvar elevane skal sitte i klasserommet og på buss.*

Relasjonsbygginga mellom lærer og klasse/gruppe skjer kontinuerlig og har høg kvalitet:

- Dei vaksne har alltid hovudansvaret for gode relasjonar.
- Faste rutinar for timane (*Standard for klasseleiing*)
- Elevar og lærar skal saman utarbeide eigne klasse-/trivselsreglar for de ulike klassane.
- Det skal arbeidast med sosiale mål på lik linje med faglege mål.
- Lærer handhever skulen og klassen/trinnet sine reglar.

- God klasseleiing – positivt læringsmiljø med elever som er motiverte for læring.
- Læraren skal skape ein strukturert og føreseieleg skulekvardag for elevane.
- Retningslinje inspeksjon Vestre Slidre skule der dei vaksne som har inspeksjon skal vera spesielt merksame i forhold til åtferd som ikkje er ynskjeleg og krenkande.

### **2.3 Relasjon elev - elev**

*Elevane i klassa/på trinnet/steget tek vare på kvarandre og er opptekne av at alle har det trygt.*

Viktige prinsipp:

- Bry seg om kvarandre, vise empati, omtanke og omsorg.
- Vise respekt for andre sine synspunkt og kjensler.
- Lage klassa/trinnet sine trivselsregler
- Jobbe med haldningsskapande arbeid i klassa/på trinnet
- Trivselstiltak og hyggekveldar/klassetreff. På foreldremøte; dele føresette i haust og vårgruppe, gje ein føresett på kvar gruppe ansvar for å ta initiativ og eventuelt kalle inn til planleggingsmøte.
- Fadderordning for dei minste elevene
- «Bli kjent» opplegg ved overgangar
- Jobbe med nettvett og mobilvett

### **2.4 Relasjon med heimen**

Skulen har eit ope og aktivt samarbeid med foreldre/føresette som gruppe.

Dette betyr:

- Faste møter i skulen sine rådsorgan: Foreldrerådet FAU, elevrådet, samarbeidsutvalget/skolemiljøutvalget (Rutiner for brukermedverknad med årshjul)
- God informasjon frå skulen til heimane, og frå heimane til skulen. – Låg terskel for å gje positive og negative tilbakemeldingar. Gjeld både frå skule, og frå heim. – Minimum to utviklingssamtaler i året.  
– Plan for trygt og godt skolemiljø for Vestre Slidre skule skal delast ut og vera tema på fyrste foreldreskulekveld for foreldra på 1. trinn. Deretter skal den vera tema på alle foreldremøter(ikkje gjennomgang, men vise til at vi har plan og kvar dei finn den).

Informasjon til foreldre om at dei kan melde sak til Statsforvaltaren dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta. Informasjonen blir delt med føresette via Visma ved skulestart kvar haust. Elevane skal også få denne informasjonen tilpassa alder av kontaktlærar.

- Eit foreldremøte i året pr trinn/klasse og eit storforeldremøte for alle foreldre/føresette.
- Trivselstiltak og hyggekvelder/klassetreff (Rutiner for brukermedverknad med årshjul)

## 2.5 Overgangar

Overgang barnehage – skule og grunnskule – vidaregåande handterast slik at den opplevast føreseieleg og trygg for elevane. Overgangane går føre seg etter eigne rutinar.

# 3 Avdekking av mobbing og krenkande åtferd

I ein skulekvardag kan det frå tid til annan avdekkast at enkeltelevar eller klasser har utfordringar i det sosiale samspelet. Slike utfordringar kan også gå på tvers av klasser og trinn.

Slike utfordringar kan vera konkrete mistankar om mobbing, eller annan krenkande åtferd, men det kan også vera noko meir diffuse mistankar og dysfunksjonelle sosiale relasjoner.

Det kan vera kontaktlærer, andre lærarar, pedagogiske medarbeidarar, leiinga ved skulen, andre som jobbar ved skulen, eller foreldre som ser dette.

Korleis kan mobbing og krenkande åtferd avdekkast:

- Samtaler
- Vurdering kvar veke
- Inspeksjon
- Kartlegging
- Helsesjukepleiar
- Sosial pedagogisk rådgjevar

### 3.1 Samtaler

Lærarane har jamlege samtaler med elevane. Både individuelt og i gruppe.

### 3.2 Utviklingssamtaler

Det gjennomførast utviklingssamtaler med elev og foreldre/ føresett minimum to gonger pr. år. Sosial trivsel, og § 9A er eit av samtaleområda.

### 3.3 Inspeksjon

Skulen har eit fast inspeksjonssystem for friminutta. Vaksne ute på inspeksjon skal vera spesielt merksame i forhold til åtferd som ikkje er ynskja og krenkande åtferd. Sjå inspeksjonsplan for Vestre Slidre skule.

### **3.4 Kartlegging**

Skulen har årlege kartleggingar. Elevundersøkinga gjennomførast årleg for 5. – 10. trinn. I tillegg blir det laga sosiogram/relasjonskart med tiltaksplan 2 gonger kvart skuleår for elevane på alle trinn.

### **3.5 Helsesjukepleiar**

Helsesjukepleiar har kontortid ved skulen to dagar per veke. Helsesjukepleiar snakkar både med enkeltelevar, og grupper av elevar jamleg. Helsesjukepleiar er også inne i klassene og deltek med fagleg informasjon.

Helsesjukepleiar kan tilby:

- Samtalar med einskildelevar.
- Samtale med føresette.
- Vidareformidle til andre hjelpeinstansar

### **3.6 Sosial pedagogisk rådgjevar**

Sosial pedagogisk rådgjevar er på skulen 4 dagar i veka. Sosial pedagogisk skal gjere den sosialpedagogiske rådgjevingstenesta kjent og tilgjengeleg for elevar, lærarar og føresette. Vedkomande skal vera med og avdekke, samt følgje opp sosialpedagogiske tilretteleggingsbehov. Sosial pedagogisk rådgjevar skal delta i samarbeid og utvikling innanfor det sosialpedagogiske området. Har samtaler med enkeltelevar og grupper. Vedkomande er også elevrådskontakt

## **4 Retningslinjer ved mistanke om mobbing og krenkande åtferd**

Det blir vist til Opplæringslova kapittel 9A-4 og skulen si aktivitetsplikt:

*Aktivitetsplikta er skildra i Opplæringslova § 9A-4. Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerlig og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø blir oppfylt, jamfør Opplæringslova § 9A-3.*

1. Plikt til å følgje med
2. Plikt til å gripe inn
3. Plikt til å varsle
4. Plikt til å undersøke
5. Plikt til å sette inn tiltak

#### **4.1 Å følgje med**

Det er alle som jobbar på skulen (det vil seie alle som jobbar på skulen regelmessig og har kontakt med elevane, inkludert vaktmeister og vaskepersonale) si plikt å følgje med om eleven har eit trygt og godt skolemiljø. Det skal følgjast spesielt med på elevar som er/kan vera særskilt sårbare.

Dette gjerast:

- gjennom å snakke med elevane
- elevamtaler (eige skjema)
- tilsette har dialog og dagleg utveksling av informasjon for eksempel om elevar frå friminutt
- høg vaksentettheit i friminutt
- ved at elevane sitt psykososiale miljø alltid er tema i utviklingssamtalene
- ved at dei tilsette ser noko eller fanger opp noko i samtaler med andre elevar
- gjennom foreldre/føresette som tek kontakt fordi dei melder frå om det har skjedd noko på skulen
- elevane fortel sjølv om at dei ikkje trivast
- endringar i åtferd hos elevar, eller endringar i klasse- eller skalemiljøet
- aktiv og tydeleg inspeksjon/vakt i friminutt, observasjon av samspel mellom elevar og aktiv inngrisen
- det sosiale miljøet drøftast på SFO
- særskilt sårbare elevar –analyse på klasseteam på starten av kvart semester

Skulen deltek i den årlege brukerundersøkinga «Elevundersøkinga» for 5.-10.tr.

Dokumentasjon:

Elevamtaler

Utviklingssamtaler

Skjema særskilt sårbare elevar

Sosiogram/relasjonskart med tiltaksplan

Elevundersøkingar

Logg ved observasjon

Eventuelt elevlogg/vekesjekk med korte spørsmål

#### **4.2 Å gripe inn**

Skulen skal ha nulltoleranse mot mobbing, vald, diskriminering og trakassering, men også mot mindre alvorlege krenkingar.

Alle som jobbar på skulen (det vil si alle som jobbar på skulen regelmessig og har kontakt med elevane, inkludert vaktmeister og vaskepersonale) skal gripe inn umiddelbart og stoppe krenkingar.

Det skal gripast inn når ein overhøyrer hatytringar, observerer meir indirekte krenkingar som utesenging, isolering og baksnakking, slåsskamp eller annan fysisk krenking.

Utfrysningssituasjon skal stoppast og elevar skal irtettesettast når dei tek i bruk stygt språkbruk retta mot andre elevar.

Plikta til å gripe inn er avgrensa til inngrep som er mogleg å gjennomføre. Det betyr at tilsette ikkje skal stå i fare for å skade seg sjølv eller krenke nokon av elevane for å stoppe situasjonen, med mindre det er nødrett eller nødverje.

#### Dokumentasjon:

Inngripen skal dokumenterast. Dokumentasjon skal leggast i elevmappe. Kontaktlærar skal informerast.

### 4.3 Å varsle

Alle som jobbar på skulen (det vil si alle som jobbar på skulen regelmessig og har kontakt med elevane, inkludert vaktmeister og vaskepersonale) skal varsle rektor på varslingsskjema dersom dei ser eller mistenker at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Å ha mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller anta at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Saka avgjer kor raskt rektor må få varsel. Rektor har ansvaret for at varslingane blir handtert på ein forsvarleg måte.

Det skal vera låg terskel for kva som skaper mistanke til at ein elev ikkje har det bra på skulen. Plikta til å varsle rektor gjeld for all mistanke. Det kan for eksempel:

- basere seg på observasjonar av elevane
- tilbakemeldingar i undersøkingar
- beskjeder frå foreldre/føresette eller medelevar
- aktivitet i sosiale media.
- at ein elev seier i frå at han eller ho ikkje trivast på skulen

I alvorlege tilfelle skal rektor varsle skuleeigar. Eksempel på alvorlege tilfeller: saker der krenkingane er særleg valdelege eller på andre måtar særstegnande, når fleire elevar alvorleg har krenka ein enkeltelev eller der leiinga ved skulen over noko tid ikkje har klart å løyse ei sak. Også digital mobbing på tvers av skuler eller grove truslar via for eksempel sosiale media bør varslast til skuleeigar.

Det er ein eigen regel om skjerpa aktivitetsplikt i saker der det er tilsette som krenkar elevar. Dersom ein tilsett mistenker eller ser at ein annan tilsett utøver vald, mobbar, diskriminerer eller trakasserer ein elev skal denne straks varsle rektor som igjen skal varsle skuleeigar. Dersom det er ein tilsett i skuleleiinga som krenker ein elev, skal den tilsette varsle administrativ skuleeigar direkte.

#### Dokumentasjon:

Varslingsskjema

#### 4.4 Å undersøke

Dersom nokon som jobbar på skulen ser eller mistenker at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal dei undersøke saka med ein gong. Plikta til å undersøke har like låg terskel som plikta til å varsle. Dersom elevar sjølv seier ifrå om at de ikkje har det bra, skal skulen alltid undersøke saka nærare.

Samtaler og observasjon inngår i arbeidet med å undersøke ei slik sak. Samtale kan vera med dei det gjeld, men også medelevar, lærarar, pedagogiske medarbeidarar, foreldre, andre vaksne personar i nærmiljøet og i fritidsmiljøet. Observasjonar kan gjerast på skulen, i timar og i friminutt, til/frå skulen.

Det kan også vera aktuelt å undersøke tidligare hendingar/historikk.

Undersøkingane skal ha som formål å få fram fakta om situasjonen og kva som påverkar korleis eleven opplever skolemiljøet. Det er viktig å understreke at skulen ikkje skal skaffe eller vurdere bevis om elev har blitt krenka. Det er eleven si subjektive oppfatning og oppleveling av miljøet som er det sentrale.

Alle elevar som er involvert i saka, har rett til å uttale seg.

##### Dokumentasjon:

Dokumentere korleis vi undersøker saka for eksempel observasjon av elevar, samtaler med involverte, ikkje anonym undersøking, sosiogram/relasjonskart.

#### **4.4.1 Praktisk handlingsrekke der det er mistanke om mobbing, eller annan krenkande åtferd.**

Rektor er hovudansvarleg og i samarbeid med kontaktlærar orienterer dei om saka til kollegiet på steget slik at alle er informert og kan bidra i observasjonar og kartlegging.

Rektor tek kontakt med den som føler seg mobba/krenka og foreldre/ føresette for å informere om kva vi gjer.

##### I. Fyrste samtale med den som føler seg mobba/krenka (ansvarleg: rektor, kontaktlærar og eventuelt sos.ped.rådgjevar)

- Samtala finn stad på eit rom der dei kan vera åleine.
- Lærar klargjer at han/ ho veit kva som skjer og at skulen ikkje aksepterer dette.
- Gje eleven støtte.
- Gje eleven høve til å fortelje, men ikkje press.
- Lærar seier at han vil stoppe dette og at eleven skal få vite kva som skal skje.
- Lærar seier at han vil informere foreldra/føresette til eleven.
- Avtal nytt møte med eleven.

**II. Oppfølgingssamtale med den som føler seg mobba/krenka (ansvarleg: rektor, kontaktlærar og eventuelt sos.ped.rådgjevar)**

- Bruk samtalene til å få meir informasjon om situasjonen; venner, namn på plagarane, statuspersonar, skildring av mobbesituasjonane og om den som føler seg mobba/krenka har støttespelarar som foreldre og andre kjente som veit om problemet.
- Foreldre/føresette blir med i samtalene ved behov.
- Så snart ein er sikker på kva som skjer blir dei som mobbar/krenkar kontakta. Det er då viktig å hugse på at den som føler seg mobba/krenka skal vite når og kven den vaksne skal prate med.

**III. Samtale med dei som mobbar/krenkar kvar for seg (ansvarleg: rektor, kontaktlærar og eventuelt sos.ped.rådgjevar)**

- Avtal med læraren som har klassa på førehand. Den aktuelle eleven hentast ut av klassen. Dersom dette gjeld fleire elevar, er det kun ein elev om gongen. Elevane skal ikkje ha høve til å snakke med kvarandre mellom samtalane.
- Gå til eit ledig rom. Ikkje nemn årsaken til samtala, sjølv om eleven spør kvifor de skal snakke. Legg opp til ein bestemt og vennleg tone.
- Kontaktlærar konfronterer eleven med at han/ho veit kva som skjer, og at det ikkje aksepteras.
- Kontaktlærar gir eleven høve til å uttale seg, men ikkje gå inn i diskusjon.
- Eleven får beskjed om at foreldre/ føresette vil bli informert.
- Kontaktlærar inviterer eleven til å kome med forslag og tiltak for å få slutt på mobbinga. Målet er at eleven skal ta avstand frå mobbinga.
- Gå saman med eleven tilbake til klassen og hent evt. andre som mobbar/krenkar til tilsvarande samtale.

**IV. Samtale med foreldra/føresette til den som føler seg mobba/krenka (ansvarleg: rektor, kontaktlærar og eventuelt sos.ped.rådgjevar)**

- Lærar kontaktar foreldre/ føresette same dag som den fyrste samtala med eleven.
- Lærar informerer om situasjonen som er avdekkja, og om samtala med eleven.
- Læraren skal gje foreldre/ føresette garanti på at skulen tek fatt i problemet.
- Informere om prosessen vidare. Avtal eit nytt møte. Der vurderast det om foreldra til den/dei som mobber/krenkar skal vera med.

**V. Samtale med foreldre/føresette til dei som mobbar/krenkar (ansvarleg: rektor, kontaktlærar og eventuelt sos.ped.rådgjevar )**

- Lærar kontaktar føresette same dag som den fyrste samtala med eleven.

- Informerer om saka og samtala med deira barn.
- Den som føler seg mobba/krenka sine føresette skal vera informert og vite at barnet sitt namn kjem fram.
- Informere om prosessen vidare. Avtale eit nytt møte der det vurderast om den som føler seg mobba/krenka sine foreldre skal vera med.

VI. Samtale mellom den som føler seg mobba/krenka og den/dei som mobbar/krenkar (ansvarleg: rektor, kontaktlærer og eventuelt sos.ped.rådgjevar)

VII. Kontaktlærar kallar inn til eit møte i skuletida der dei involverte elevane og deira føresette møtast saman med rektor, kontaktlærar og eventuelt sos.ped.rådgjevar. Skulen utarbeider ein skriftleg aktivitetsplan (ansvarleg for at det bli gjort: rektor). Ansvarleg for utarbeiding er kontaktlærar i samarbeid med klasseteamet.

Rektor har samtaler med kontaktlærar undervegs i saka der kontaktlærar informerer om korleis arbeidet med saka går. Rektor fører interne notat frå samtalene.

Kontaktlærar samtaler med elev undervegs om korleis tiltaka virkar.

VIII. Kontaktlærar kaller inn føresette og elev til møte for å evaluere aktivitetsplan

Kontaktlærar, rektor og eventuelt sos.ped.rådgjevar deltek. Rektor skriv referat frå møtet.

IX. Saken meldast politiet (ansvarlig: rektor og kommunalsjef)

Skjer dersom saka er av slik karakter at det vurderast at den skal meldast politiet.

Dersom ein tilsett er den som mobbar, diskriminerar eller trakasserar ein elev er det enda strengare krav til å undersøke saka umiddelbart, sjå pkt. 6.

#### **4.4.2 Samarbeid med andre instanser ved mobbing, eller annen krenkende åtferd.**

Aktuelle samarbeidspartnere utanfor skulen er skulehelsetenesta, PP-tenesta, BUP (barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk), innsatsteam, politi og barnevernstenesta.

## 4.5 Å setje inn tiltak

Skulen ved rektor skal sjå til at det blir utarbeidd ein skriftleg aktivitetsplan.

Aktivitetsplanen skal (minimum) innehalde:

- namn
- utfordring
- vurdering av barnet sitt beste og dokumentasjon på at eleven er hørt
- kva tiltak skulen planlegg å iverksetje
- tidsplan for gjennomføring
- kven som har ansvar
- fastsetting av dato for evaluering
- dato for sjekk

Det skal vera med ei oppsummering av samtalene med elevar og foreldre/føresette. I tillegg skal det vera med ei oppsummering av kva som er skulen sine vurderingar av saka.

Det vil variere frå sak til sak kor mykje som skal dokumenterast. Det vil for eksempel kunne vera forsvarleg med ein kortare og meir skjematiske aktivitetsplan i saker der skulen set inn tiltak tidlig i prosessen og tiltaka er enkle, enn i saker der tiltaka og saksforholdet er meir samansett og kompleks.

Ein aktivitetsplan treng ikkje å knytte seg opp mot ein bestemt elev, men kan ta for seg ein situasjon eller utfordring der fleire elevar er involvert.

Dersom tiltaka som er retta mot andre elevar kun er på systemnivå vil ikkje nødvendigvis dei andre elevane få uttale seg. Dersom ein annan elev/elevar er direkte berørt av tiltak, vil eleven/elevane få uttale seg.

Aktivitetsplanen inneheld dokumentasjon på at nevnte tiltak er iverksett/gjennomført.

Hensikta med aktivitetsplanen er først og fremst å sette i verk nødvendige tiltak. Det er vidare ein dokumentasjon på at skulen oppfyller krava i Opplæringslovens kapittel 9A, griper fatt i aktuelle saker og forpliktar seg på å gje elevar som opplever krenkingar den hjelp dei har krav på.

Aktivitetsplanen vil også kunne gje Statsforvaltaren, dersom saka blir meldt vidare, ei rask oversikt.

For å finne frem til eigna tiltak er det viktig å ivareta barnas rett til å bli hørt og omsynet til barnet sitt beste. Tiltaka skal vera lovlege.

Tiltaka kan rettast mot:

- den som blir mobba eller krenka
- den eller dei som mobbar eller krenkar

- tilskodarar
- gruppe- eller klassemiljøet
- heile skudemiljøet

Det er viktig at det ikkje berre blir sett inn tiltak mot den som ikkje trivast, men også mot dei som mobbar, krenkar eller på annan måte bidreg til at andre ikkje har det trygt og godt på skulen. Tiltaka skal vera på system- og individnivå (tre systemtiltak pr individtiltak).

Tiltaksplikta varar så lenge ein elev opplever at skudemiljøet ikkje er trygt og godt og det finnast eigna tiltak som kan setjast inn.

Dersom tiltaka ikkje har oppnådd formålet, må skulen fortsetje arbeidet og vurdere om tiltaksperioda skal forlengast eller om det skal setjast inn fleire eller andre tiltak.

#### **4.5.1 Aktuelle tiltak i aktivitetsplanen kan vera:**

- Undervisningsopplegg (retta mot det eleven opplever som utfordrande. Kan for eksempel vera mot språkbruk)
- Målretta arbeid med klassemiljøet
- Oppfølgingssamtaler med offer
- Hyppig kontakt mellom offer og lærar/andre tilsette. Det er viktig at denne kontakten ivaretak støtte.
- Observasjon og vidare innhenting av fleire detaljar.
- Kartlegging av offeret sine støttespelarar.
- Oppfølgingssamtaler med plagar.
- Hyppig kontakt med plagar.
- Hensikta/målet med denne hyppige kontakten er å vise tydeleg at vi følgjer med og at inngåtte avtaler blir holdt.
- Oppfølginga fortset til situasjonen er løyst og stabilisert. Vi støttar positiv endring.
- Oppfølgingssamtaler med foreldra til den som føler seg mobba/krenka.
- Oppfølgingssamtaler med foreldra til den som mobbar/krenkar.
- Avtaler om tilbakemelding til foreldra, både den som føler seg mobba/krenka og den/dei som mobbar/krenkar sine foreldre.
- Den/dei som mobbar/krenkar får begrensna høve til å vera ute i friminutt/FYSAK, han/ hun må vera ute på eit anna tidspunkt.
- Den/dei som mobbar/krenkar må kome før til skulen, og gå heim etter dei andre elevane.
- Den/dei som mobbar/krenkar må følgje inspiserande lærar i friminutta.

- Den/dei som mobbar/renkar får ikkje delta på skuletur.
- Den/dei som mobbar/renkar mister høve til å bruke digitale verktøy dersom mobbinga skjer ved bruk av desse, f.eks. pc.
- Bortvisning 1-3 dagar for plagar (u-steg).
- Bytte av klasse eller skole for den/dei som mobbar/renkar.
- Henvending, bistand og samarbeid med andre instansar:
  - Innsatsteam
  - PPT
  - Helsejukepleiar
  - Barnevernet
  - Politi
  - BUP

## 5 Dokumentere

Skulen skal dokumentere skriftleg kva som gjerast for å sikre at elevane har det trygt og godt på skulen.

Dokumentasjonen skal sikre at:

- Elevar og foreldre får eit bevis på at skulen tek saka seriøst og at dei forpliktar seg til å hjelpe eleven.
- Statsforvalteren får raskt oversikt dersom saka meldast dit.
- At saka er tilstrekkeleg belyst ved eventuelle tilsyn, erstatningssaker eller straffesaker.

Skulen har to dokumentasjonsplikter:

1. dokumentere kva tiltak dei planlegg å gjennomføre – gjennom ein aktivitetsplan
2. dokumentere kva dei har gjort for å følge opp delpliktene i kvar enkelt sak, det vil si følge med, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak.

Rektor er ansvarleg for at dokumentasjon gjennomførast.

## 6 Vaksne som renkar elevar

**Det er skjerpa aktivitetsplikt i saker der det er tilsette som renkar elevar. Jf. opplæringslova § 9A-5: dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering, skal**

*vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.*

Dersom det er mistanke om at ein tilsett utøver vold, mobbar, diskriminerar eller trakasserar ein elev skal det straks varslas rektor som igjen skal varsle skuleeigar v/ kommunalsjef.

Dersom det er mistanke om at det er ein i skuleleiinga som krenkar ein elev, skal administrativ skuleeigar v/kommunalsjef, varslast direkte.

August-2022, JO og KO

Sosial handlingsplan Vestre Slidre skule